

Vika Kraft AS
Bygdavegen
5499 Åkra

**Olje- og energidepartementet,
Postboks 8148 DEP,
0333 OSLO**

Høyringsvar til kontrollstasjonsrapport NVEs
gjenomgang av elsertifikarordningen.

Viser til innsende høyringsvar frå Småkraftforeninga.

Vika Kraft er eit småkraftverk i Åkrafjorden i Kvinnherad kommune. Det er 18 grunneigarar som bygde dette småkraftverket i lag. Vi har produsert frå 9,5 GWh i det tørraste året og til 17,3 GWh i det mest nedbørsrike året. I snitt ligg vi opp mot 15 GWh. Vi var veldige optimistar i starten då Stortinget bad regjeringa om å ta initiativ til eit felles norsk-svensk elsertifikatmarked. Småkraftnæringa ville at ingen skulle byggja ut før denne ordninga var på plass. Politikarane i energi- og miljøkomiteen svara då med at alle som bygde ut etter 01.01.2004 skulle få kome med i ein framtidig ordning med elsertifikat. Lovnadane vart tekne att med jamne mellomrom. Overraskinga var difor stor då energiminister Terje Riis Johansen la fram forslaget til lova om elsertifikat hausten 2009. Her stod det at berre dei som starta utbygging etter valdagen same år, og var under 1MW skulle koma med i ordninga.

Det vart sett i gong eit stort apparat blant eigarane av desse 170 svikne småkraftverka. Kommunar, fylkeskommunar og fylkesparti i heimfylka til desse svikne småkraftverka skreiv høyringsuttalar til denne lova, og bad dei ta med desse 170 kraftverka også. Det var som å tala til døde øyrer. Den raudgrøne regjeringa ville ikkje snu, og vi kom ikkje med i ordninga.

Det har og kome dok.8 forslag frå dåverande opposisjon og no delvis i posisjon om at desse 170 småkraftverka måtte bli inkludert. «Stortinget ber regjeringa sikre at alle anlegg med byggestart fra og med 1. januar 2004, og som kvalifiserer for grønne sertifikater fra 2012, inkluderes i overgangsordningen.»

Før valet kom det også svært sterke uttalar frå noverande posisjon at så sant dei kom i posisjon så skulle dei gjera det som stod i deira makt for å få dette til.

No når eg sit og skriv denne uttalen sit eg og ser ned på to omtrent identisk like store kraftverk. Dei ligg 50m frå kvarandre på kvar side av leva. Dei ligg der elvane møtest og renn siste strekningen saman ut i fjorden. Eigarane av vårt kraftverk trudde på politikarane og deira lovnader og sette i gong utbygging. Vi vart straffa og kom ikkje inn i ordninga. Åkraelva kraftverk venta til ordninga var på plass, og fekk kome med i ordninga. Kor er rettferda her? Er det rett at vi som sette i gong først og var med og fekk i gong ein stor leverandørindustri skal straffast på denne måten?

Henrik Ibsen skreiv dette ein gong: «Det verste et menneske kan gjøre mot seg selv, er å gjøre urett mot andre»

No når det er ein kontrollstasjon om elsertifikatordninga i 2015 forventar vi at denne regjeringa som har peika på denne urettferdigheten ved mange høve, kjem oss i møte og inkluderer oss i ordninga, eller kjem opp med andre avbøtande tiltak.

Thema Consulting group har kome med ein rapport som syner korleis ein kan inkludera desse 170 småkraftverka på ein utmerka måte.

Sjå vedlegg

Lukke til! Eg har stor tru på at denne regjeringa ikkje berre kjem med tomme løfter, men også set handling bak uttalane sine.

Lars Emil Berge
Styreleiar i Vika Kraft AS
Bygdavegen 48
5499 Åkra